

# K-POSTEN

ÅRGANG 13, NUMMER 3

September 2012

## Korleis kan vi utvikle den gode skulen og den gode barnehagen i Naustdal saman?

Som skule- og barnehageeigar ynskjer Naustdal kommune å bygge gode tilbod gjennom systematisk arbeid og fokus på læring, motivasjon og trivsel. Vi er opptekne av god samhandling mellom skulane, barnehagane og heimane om barnet og eleven sitt lærings- og psykososiale miljø.

## Les meir s. 2

## Nominer kandidat til Ungdomsrådet!

Ungdomsrådet er samansett av fire representantar frå elevrådet ved NBU, ungdomsleiar ved Rampen og ein representant valt av Tambarskjelvar Idrettslagsamt ein representant frå organisasjonslivet i kommunen elles.

## Les meir s. 6

## Vil du stille ut dine handlaga produkt?

I resepsjonen på Kommunehuset har Naustdal kommune eit utstillingsskap for framsyning av arbeidet til lokale kunsthandverkarar og hobby-produsentar. Kontakt Eirik og Janne i skranken om ynskjer å stille ut:  
57 81 61 00 /  
[postmottak@naustdal.kommune.no](mailto:postmottak@naustdal.kommune.no)

## Naustdal Helsecenter

Tor Vidar Myklebust er tilbake som fastlege ved Naustdal Helsecenter etter endt permisjon.



Foto: Britt Kringlen

Jan Christian Liby er ny turnuslege og vil ha sin turnustjeneste her i perioden 15.08.12. – 15.02.13.

## Les meir s. 7

# Korleis kan vi utvikle den gode skulen og den gode barnehagen i Naustdal saman?

Som skule- og barnehageeigar ynskjer Naustdal kommune å bygge gode tilbod gjennom systematisk arbeid og fokus på læring, motivasjon og trivsel. Vi er opptekne av god samhandling mellom skulane, barnehagane og heimane om barnet og eleven sitt lærings- og psykososiale miljø.

I arbeidet med å skape ein betre skule for trivsel og læring har kommunen ein visjon om vere mobbefri, og arbeid mot mobbing er inkludert i skulane og barnehagane sitt kontinuerlege utviklingsarbeid.

Sidan hausten 2009 og fram til i dag har vi jobba aktivt med utvikling av Naustdalskulen med mål om å skape den beste skulen for elevane våre.

Ei målretta, systematisk og omfattande kompetanseheving av pedagogisk personale i alle skulane og barnehagane våre er i gang for å fremje og vidareutvikle gode læringsmiljø og sosial kompetanse.

Eit godt læringsmiljø som fremjar *læring, helse og trivsel* har desse kjenneteikna:

- Læraren si evne til å leie klassar og læringsarbeidet.
- Positive relasjonar mellom lærar og elev
- Positive relasjonar og kultur for læring hjå elevane
- Godt samarbeid mellom skulen og heimane
- God leiing, organisasjon og kultur for læring i skulen

Forsking viser at eit godt læringsmiljø er viktig for å nå sentrale utdanningspolitiske mål som auka læringsutbytte, betre gjennomføring og sosial utjamning.

Satsing på læringsmiljøet krev bevisst arbeid frå skuleigar, skuleleiarar, lærarar

og skuleassistentar gjennom aktiv utprøving og refleksjon over eigen praksis. Å utvikle høg relasjonskompetanse i alle ledd i skulane står sentralt i læringsarbeidet.

Utviklingsarbeidet i Naustdalskulen er tufta på forskingsbasert kunnskap om kva som skapar gode læringsvilkår for elevane, og kva metodar og tiltak som skapar godt læringsmiljø i klasserommet. I arbeidet har Naustdal kommune knytt til seg eksterne samarbeidspartar mellom anna høgskulen i Volda, rettleiarkorpset frå Utdanningsdirektoratet og Jan Spurkeland – «relasjonspedagogikkens far».

Det overordna målet for satsinga er at alle elevar skal oppleve eit godt og inkluderande læringsmiljø som fremjar tryggleik, helse, trivsel og læring. Trivsel og tryggleik er ein grunnleggande føresetnad for læring.

Våren 2012 har alle tre skulane jobba systematisk med læringsleiing og refleksjon kring eigen praksis i klasserommet og undervisningsmetodikk. Det har også vore god samhandling med rådsorgana ved skulane kring drøftingar om korleis ein saman kan skape det gode heim-skulesamarbeidet og auke foreldremedverknad kring eleven sitt læringsarbeid.

Å bli utsett for mobbing er krenkande, skapar mangel på tryggleik og kan få alvorlege fylgjer seinare i livet. Vi veit og at dei som mobbar, har større sjanse for å hamne på sida av samfunnet når dei vert vaksne.

Naustdal kommune har sett behov for eit meir systematisk tverrfagleg samhandling kring barn og unge sitt psykososiale miljø. Vi ynskjer eit meir forpliktande og førebyggande arbeid mot mobbing og har tilsett folkehelsekoordinator og helsesyster Turid Bruland i 50% prosjektstilling for å arbeide saman med skulane og barnehagane med det

psykososiale miljøet og mobbeførebyggande tiltak: «Manifest mot mobbing i Naustdal». Målsettinga for dette arbeidet er å vidareføre og utvikle betre tverrfagleg samhandling på systemnivå, og å komme fram til felles forpliktande planar, rutinar og samarbeid kring førskulebarna og elevane.

Naustdal er ein aktiv folkehelsekommune, og det psykososiale- og mobbeførebyggjande arbeidet blir sett på som en viktig del av folkehelsesatsinga og arbeidet for betring av læringsresultat, læringsmiljø og det sosiale miljøet i skulane og barnehagane.

Kartleggingar, undersøkingar og analysearbeid dannar grunnlag for evaluering og arbeid undervegs, saman med aktive og forpliktande tverrfaglige planfesta tiltak både på system og individnivå. Vi vil ha fokus på kontinuitet og kvalitet i arbeidet og ynskjer tett samarbeid med rådsorgana ved skulane og foreldre.

Naustdalskulen viser stadig betre resultat på nasjonale prøver, grunnskulepoeng og i nasjonale kartlegging. Resultata frå den årlege elevundersøkinga viser også at vi er på rett veg i arbeidet med elevmedverknad, skape gode sosiale miljø og førebygging av mobbing, men vi ser og at vi fortsatt har utfordringar å ta tak i. **Naustdal skal vere ein trygg og spanande stad å vekse opp.**

For å nå dette målet må vi arbeide for at:

- Alle stadar der barn og unge held seg er soner fri for mobbing.
- Foreldre, helsestasjonen, skulehelsetenesta, barnehagar og skular arbeider aktivt førebyggjande ved å styrke barn og unge sin sosiale kompetanse og motarbeide alle former for mobbing og utestenging.
- Leirarar på alle nivå tek ansvar og har nulltoleranse for mobbing.

- Alle som har ansvar knytt til barn og unge sitt oppvekstmiljø, samarbeider systematisk og målretta mot mobbing.
- Det skal finnast oppdaterte og kunnskapsbaserte planar, kompetanse og rutinar for førebygging og handtering av mobbing i helsestasjonen, skulehelsetenesta, barnehagar, skular, lag og organisasjoner.

### **Medverknad:**

Vi som skuleeigar, skuleleiarar og tilsette ynskjer å legge til rette for elevar og foreldre vert involvert i utviklingsarbeidet i Naustdalskulen. Skuleeigar ynskjer eit større fokus på skulemiljøutvalet ved skulane. Vi ser behov for auka deltakinga og samhandling med elevane og foreldra i arbeidet med skulemiljøet. Korleis kan vi saman skape det trygge og gode skulemiljøet som fremjar god trivsel og god helse hjå borna våre? Skulemiljøutvalet er eit vedteke organ i skulen, men viser seg å vere lite nyttå i mange kommunar - også her hjå oss i Naustdal. Skulemiljøutvalet er unikt fordi det kan gje moglegheit for samarbeid mellom elevar, tilsette, rektor og foreldre på ein felles arena. Det er viktig at elevane blir involvert i arbeidet med det psykososiale- og det mobbeførebyggande arbeidet, og at dei opplever at dei får ansvar og blir tatt på alvor.

Idrettslaget vil også vere ein sentral samarbeidspart vidare då både skuleigar, tilsette i skulane og i helse ynskjer å fokusere på vaksenrolla og at vi alle både i skule, barnehage, heim og fritid er viktige rollemodellar for barna og ungdomane våre.

## Årets kampanje mot mobbing:

"Vaksne skaper vennskap" er tema for årets kampanje i regi av Manifest mot mobbing.

Skulane i Naustdal markerte i veke 36 den årlege kampanjen «Manifest mot mobbing», gjennom å fokusere på vaksenrolla og dei vaksne som rollemodellar.

Gjennom veka har skulane hatt ulike aktivitetar og



Frå fellessamlinga ved sentrumskulen 2.9.12

samlingar som vektlegg vennskap og sosialt samspel. Ordførar Håkon Myrvang har vitja sentrumskulen og halde appell for arbeid mot mobbing. Elevane ved sentrumskulen har etablert sitt eige elevskulemiljøutval og vil arbeide aktivt med ulike tiltak som skal fremje trivsel, vennskap og læring på skulen sin. *Ein applaus til aktiv og engasjerte elevar!* Alle skulane har også fått overrekt pengegåve og helsing frå kommunen v/ ordførar som støtte til gode føremål som legg til rette for vennskap og trivsel ved skulane. Dette er det sett stor pris på!!!

Barnehagane våre har også markert veka. I Lunden barnehage har temaet vennskap vore vektlagt blant anna i samlingsstundene og gjennom songar om vennskap. Barnehagen har samtala kring korleis ein skal vere med kvarandre, og kva som gjer ein glad eller trist og lei. I lesestunda har ungane fått høre om Albert som ikkje vil slost og Petra som vil at alle skal ha ein ven. Barnehagane skal også feire «Vennskapsdagen» den 7. september 2012.

## Nytt av året Endringar av kretsgrenser for skule.

Den 14.februar i år vedtok kommunestyret og endre kretsgrensene i Naustdalskulen. Horstad skule er lagt ned og elevar i Horstad krins 1.-7.trinn og Vevring krins 5.-7.trinn er no elevar ved Naustdal barne- og ungdomskule. Elevane i dalen krins er samla i ein skule – Dalen skule i Midtredalen.

Oppstart av nytt skuleår har vore godt organisert ved alle tre skulane og tilbakemeldingane frå skulane og foreldre er gode. Kommunen er også i gang med arbeid kring rekruttering av ny rektor ved Naustdal barne- og ungdomskule, og Marit Varpe Kaasen er konstituert rektor ved skulen fram til denne er på plass.

Dalen skule er i løpet av sommaren rehabilitera både ute og inne. Innvendig er store delar av skulen malt opp at i lyse fine fargar og nye golvbelegg og møblar er kjøpt inn. Toalett og personalrom har også fått eit løft. Også utvendig er skulen malt og diverse kledning og anna er skifta ut. Nye gjerder rundt skulen skal også på plass i løpet av hausten.

Underskrivne var på vitjing ved skulen mandag 27.8.12, og eg møtte ein glad rektor Morten, glade elevar i 1. og 2.klasse og tilsette som gleda seg over skulen sin! Som rådgjevar vil eg nytte sjansen til å takke rektor, dei tilsette og ikkje minst leiar i foreldrearbeidsutvalet v/skulen Arne Kjell Folkestad for ein fantastisk dognadsinnsats for å få skulen klar til skulestart. Seinare i haust vil vi arrangere ei offisiell ny-opning. Tusen takk til alle gode medhjelparar i dalen!

## Oppstart av ny Idrettsbarnehage i sentrum.

Nytt av året er også den nye 6.avdelingsbarnehagen i sentrum. Den 20. august opna Naustdal Idrettsbarnehage. Barn frå barnehagane i Loffen, Mallasvik og Horstad tok til i den nye barnehagen. I barnehagen har vi også barn frå andre kommunar og

barnehagen har i dag 86 barn. Barnehagen har stor pågang frå foreldre i nabokommunane som ynskjer plass.

Det vil bli offisiell opning av Naustdal Idrettsbarnehage i oktober. Då vil alle som ynskjer det få omvising. Dato for opning vil bli publisert i Firda og på kommunen si heimeside. På vegne av kommunen vil eg også rette ei stor takk til arbeidsgruppa som har leia og gjennomført det store og omfattande prosjektet med etablering av den nye barnehagen i sentrum. Arbeidsgruppa har bestått av dei politiske representantane Are Einevoll(H) og Magnar Falkenstein(Rv), styrar i Loffen barnehage Anita F. Nyland, styrar i Lunden barnehage Kirsten Kongsvik, tilsett i Mallasvika fam. barnehage Heidi Gamlestøl, seksjonsleiar v/ teknisk Harald Eikenes, ekstern bistand v/ Einar Elde og administrasjonen v/ rådgjevar for oppvekst og kultur Trine Falkenstein. Arbeidsgruppa har lagt ned ein formidabel innsats gjennom desse to åra.

Naustdal kommune har i dag full barnehagedekning med våre to kommunale barnehagar Lunden og Vevring og den private barnehagen Naustdal Idrettsbarnehage.

Vi har hatt god tilgang på kvalifiserte søkerar til alle pedagogstillingane i Idrettsbarnehagen, og både i Lunden og Vevring har vi full pedagogbemannning. Naustdal kommune har dei siste åra satsa mykje på tilrettelegging og rekruttering av førskulelærarar i eigne barnehagar og har i dag sju tilsette på desentralisert førskuleutdanning. I løpet av våren 2013 er desse ferdig utdanna førskulelærarar. Vi veit at kvalitet er lik kompetanse, og i Naustdalbarnehagane har vi no god pedagogdekning, høg kompetanse og svært dyktige medarbeidarar!

Til slutt vil eg på vegne av Naustdal kommune, og med ansvar for skulane og barnehagane, oppmøde alle vaksne i Naustdal til å slutte opp om arbeidet mot

*mobbing. Ver ein voksen som tar ansvar for og sikrar at ungane og ungdomane våre får oppleve eit akseptérande, inkluderande og tolerant oppvekst- og læringsmiljø der vennskap og gode relasjonar pregar miljøet.*

## **Vis at du har nulltoleranse for mobbing !!**

Med ynskje om eit godt skule- og barnehageår

Naustdal 5.9 2012

Trine Falkenstein

Rådgjevar for oppvekst og kultur



Ordførar held appell v/ Naustdal barne og ungdomskule



# KULTURNYTT

## Hjelp oss å fylle utescena Ampen med aktivitet!

Har du tankar om ein konsert, ein litteraturkveld, ei



Foto: Ingeborg Kringlen

teaterframsyning, ein danseopptreden, eit lite seminar eller eit anna arrangement? Då kan Ampen vere noko for deg!

Rampen Ungdomsklubb disponerer ein trailer-tilhengar som er plassert ved Sanden som kan nyttast som scene eller rom, med lukka eller med open langside.

Ampen er eitt midlertidig tiltak i høve Ambassade for Kjartanistan.

Kontakt kulturleiar Ann Lisbeth Lesto for detaljar:  
57 81 61 10 /  
[ann.lisbeth.lesto@naustdal.kommune.no](mailto:ann.lisbeth.lesto@naustdal.kommune.no)



Foto: Ingeborg Kringlen

## Nominer kandidat til Ungdomsrådet!

Ungdomsrådet er samansett av fire representantar frå elevrådet ved NBU, ungdomsleiar ved Rampen og ein representant valt av Tambarskjelvar Idrettslagsamt ein representant frå organisasjonslivet i kommunen elles.

**Oppmodar med dette til at frivillige og politiske lag og organisasjonar til å sende inn forslag til kandidat til Ungdomsrådet. Kandidaten må vere i alderen 16-21 år. Nominasjonen må innehalde namn, fødselsdato, adresse, samt grunngjeving, og må sendast skriftleg (brev eller e-post) til Naustdal kommune v/ kulturleiar Ann Lisbeth Lesto innan 10. oktober 2012.**

Ungdomsrådet i Naustdal gjev ungdom høve til å ta ansvar for og påverke sitt eige oppvekstmiljø, gjennom aktiv deltaking og medverknad i politiske prosessar. Rådet skal skape grobotn for engasjement i og kunnskap om demokratisk arbeid.

Vidare er Ungdomsrådet eit talerøy for å sikre barn og ungdom sine interesser, høyringsorgan i saker som vedkjem barne- og ungdomsarbeidet, og kontakt- og samarbeidsorgan mellom ungdomane og kommuneadministrasjonen.

Ungdomsrådet i Naustdal har møter i forkant av møtene i dei politiske komitéane og gjev uttale til saker, i tillegg til at dei set fram eigne saker. Medlemmar i ungdomsrådet kan få taletid i tilknyting til møte i komiteane, formannskapet og kommunestyret i Naustdal, der ungdom har særlege interesser.

# HELSESEKSJONEN

## Naustdal Helsecenter

Tor Vidar Myklebust er tilbake som fastlege ved Naustdal Helsecenter etter endt permisjon.

Jan Christian Liby er ny turnuslege og vil ha sin turnustjeneste her i perioden 15.08.12. – 15.02.13.



Foto: Britt Kringlen

## Naustdal Helsestasjon

Tor Vidar Myklebust, skule og helsestasjonslege kvar onsdag. Helsesøster Solrun Krakhellen vil være å treffe ved helsestasjonen kvar tysdag og fredag i tillegg til onsdagar i partalsveker. Åpningstider ved helsestasjonen er frå kl.08.30 – 15.00 Tlf. 57816037.

Jordmor Beate Håkonsen er å treffen ved helsestasjonen kvar tysdag Tlf. 57816036. Kommunepsykolog Lee Heidi Laurizen har sagt opp si stilling frå september 2012 og er gått tilbake til Helse Førde.

Vi har lyst stillinga ledig og håper å få den besatt så raskt som mogeleg.

## Fysioterapitenesta

Maren Oldtrøen Enget er tilsett som fysioterapeut i vikariat frå 03.09.12 – 15.09.13. Ho skal vikariere for fysioterapeut Evy Lønne.

## PÅMINNING TIL VÅRE BRUKARAR

Vi er gjort kjent med at det til tider er vanskeleg å komme gjennom på telefon til helsecenteret, årsak til dette er kø på telefonlinjene fordi mange prøver å ringe hit på same tid, vi tek telefonen så raskt vi kan. Vi ber om at når du får time, noterer ned dag og klokkeslett for time, dette vil hjelpe oss slik at vi slepp unødige tlf. som gjer til at det vert kø på tlf.linjene.

På grunn av stort arbeidspress er telefonen stengt mellom kl. 12.00 -13.00  
Vår lunsjpause er frå kl. 12.30 – 13.00  
Dersom behov for akutt legehjelp i dette tidsrom ring vårt akuttnr. **57818500 / medisinsk nødhjelp 113.**

Vi gjer oppmerksam på at det er ca 14 dagers ventetid for time hjå fastlege. Ver difor ute i god tid med bestilling av time hjå fastlege.

Dersom øyeblikkeleg hjelp tek vi dette inn på dagen hos den lege som har ledig time for øyeblikkeleg hjelp.

## RESEPTBESTILLING

Dersom du skal bestille resept på faste medisiner pr.tlf. ber vi om at du bestiller resepten **1-2 dager** før henting. Resepten vil då bli reiterert slik at det kan brukast ved fleire uttak. Treng du resept same dag som du bestiller vert dette ein faxresept, det vert då pålagt eit gebyr på **kr. 55,-** Dette gebyret gjeld sjølv om ein har frikort.

## **TELEFONKONTAKT MED LEGE**

Når du ringer for å snakke med din fastlege vil du bli sett opp på tlf.liste og legen ringer deg tilbake. Hastesaker vert sett over direkte.  
Ber om at du ringer mellom 08.00 og 12.00 for å bli sett opp på tlf.liste.

## **TIME HOS MEDARBEIDAR**

Får du ikkje teke blodprøver den dagen du har time hjå legen og må komme tilbake for å få gjort dette, må du bestille time, dette gjeld også for sårskift og anna som vert utført av våre medarbeidere.  
Laboratoriet er stengt kl.14.00 grunna analysering, og for at vi skal rekke postforsending av blodprøver til sjukehuslaboratoriet kl. 15.00

## **TRANSPORT**

Pasientar som skal ha time hjå lege og treng drosje, må ringe helsecenteret minst 1-2 dager før dei skal til time. Dersom du får time på dagen som Øyeblikkeleg Hjelps pasient rekvirerer vi transport for deg dersom det er behov for det.

## **BETALINGSAUTOMAT**

Alle fastlegane ved legesenteret har gått til innkjøp av betalingsautomat, denne har vi hatt i virke frå mars 2012.  
På automaten kan ein betale med kontantbeløp eller med bankkort. **Vi ynskjer at dei fleste betaler med kort,** dette fordi vi vil ha minst mulig kontantar i omløp.  
Dei fleste av våre brukarar har handtert dette godt, og vi yt sjølvsgart hjelp til dei som treng det.  
Betalingsautomaten gjer også til at våre medarbeidere får bedre tid til utføre dei

pålagde helseoppgåvene dei skal i løpet av arbeidsdagen

Dersom du får giro frå Melin Medical som du meiner er urettvis tek du denne og kvittering med til legekontoret. Den vert då levert til den respektive lege. Du kan også ta kontakt pr. tlf. dersom du har lang veg eller på andre måtar har vanskeleg for å møte opp.

*Arne Bjørnetun  
Seksjonsleiar*

*Mariann Klopstad Nielssen  
Avd. leiar.*



## **SPINNING !!!**

Frå **17.september** blir det attre spinning på kommunehuset i regi av kommunen. Dette er super trening for å komme i god fysisk form.

Vi ønskjer alle velkommen anten du er utrena eller trenar.



Ta kontakt for påmelding og meir informasjon til:

Anne Schei: 95232231

Olaug Nordheim: 95106302

### **Timeplan 2012:**

Månd: 17.30- 18.30

Onsd: 18.30-19.30

Torsd: 16.30-17.30

18.00-18.45 "Kom i gong" time/  
seniorspinning v/ Liv Aalen

Fred: 10.30.-11.30

Anne og Olaug

## TRENINGSGRUPPE FOR ELDRE VED FYSIKALSK AVD

Fysikalsk avd. tenker å starte opp att med styrketreningsgruppe for eldre. Treninga passar for heimebuande som ønsker å halde seg i aktivitet og som fallforebyggande tiltak. Deltakarane kan ha varierande funksjonsnivå, men må kunne klare å gjere øvingar sittande på stol, i ståande og liggande på golv/ benk.

Treninga vil bestå av oppvarming til musikk, funksjonell styrketrening med/ utan apparat og balansetrening. Øvelsane blir tilpassa kvar enkelt. Treninga blir avslutta med sosial samvære med kaffi og frukt. Treninga kosta 10 kr per gang til innkjøp av kaffi/ frukt.

Dato for oppstart av gruppa blir sett når vi har samla nok deltakarar til gruppa.  
Dersom du ønsker å delta i gruppa, ring fysikalsk avd. tlf 57818822

Vel møtt til ei god treningsøkt!



## FLASKEINNSAMLING.

Det blir utført flaskeinnsamling etter haustferie, etter Nyttår, etter Påske og etter Konfirmasjonshelg.

Vi håper Naustdals innbyggjarar tek oss vel imot.



Økomominemda for Polen-tur 2013

## Inn på tunet, Naustdal

Kommunen har søkt og fått tildelt kr 540 000,- fra Innovasjon Norge for å arbeide med korleis «Inn på tunet» kan organiserast i Naustdal. Inn på tunet tenester i landbruket er gardbrukarar som nyttar garden og seg sjølv som ressurs for å tilby meistringsoppleving og læring gjennom praktiske arbeid. Potensielle kundar er skular, barnehagar, helsesektoren og mange fleire.

Prosjektet skal gå over to år og skal i første rekke



avklare om og eventuelt korleis Naustdal kommune kan integrere «inn på tunet», i sin tenesteproduksjon. Rådmannen vil i løpet av september ta stilling til korleis prosjekt skal gjennomførast.

## Næringsutvikling i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombrådet

Grunneigarane kring landskapsvernombrådet i Gloppeh, Naustdal, Førde og Jølster, har starta eit samarbeid om næringsutvikling i verneområdet.

Det skal førstlagast eit forprosjekt for å frå fram idear og konsept til



Foto: Britt Kringlen

næringsutvikling, slik at ein kan prioritere nokre utvalde satsingsområde. Øvre Naustdal Utmarkslag er representert i styringsgruppa ved Gudmund Eimehjellen. Naustdal kommune er representert i referansegruppa ved Arne Kringlen. Agro Business Park ved Sigmund Vereide er sekretær for arbeidet.

## Nytt Jentekor for 4.-6. kl. ☺

HAR DU LYST Å VERE  
MED Å SYNGE I ET  
NYTT JENTEKOR?



### Meir informasjon:

Naustdal kyrkjekontor : 57 81 82 40  
Kantor Imke Schüren : 911 88 958  
[Imke.schuren@naustdal.kommune.no](mailto:Imke.schuren@naustdal.kommune.no)

I høst vil vi  
prøve noe nytt  
og starter opp  
med en  
korgruppe for  
jenter fra 4. –  
6. kl. Vi ynskjer  
oss mange som  
vil være med. Har du vært med tidligare i  
barnekoret eller kommer for første gang -  
du er hjertelig velkommen!



Øvingene er på onsdagar kl. 17.30 – 18.30  
på kyrkjelydshuset, på samme tid som  
barnekoret øver. Det nye koret begynner  
med «sosial» tid kl. 17.30 og øver fra kl.  
18.00 – 18.30. Vi skal lære nye sanger,  
utvikle stemmene våre, lære litt noter o.a.  
Dirigent er Imke Schüren.

I tillegg til øvingene synger  
koret i kyrja ved  
familiegudstjenester eller  
konserter og er om våren  
med på barnefestival.



Vi tror det blir kjempekjekt! - Kom og  
bli med ! ☺

## Sanden søndag



Foto: Jenny Snildal

I år, som i  
fjor, hadde  
kyrkjelydane  
i Naustdal  
og Vevring  
eigen stand  
på Sanden  
søndag.

Gulliver,

søndagsskulen sin maskot, kom på besøk  
til oss i år, noko som dei aller minste tykte  
var litt skummelt. Men til stor glede for  
andre. I tillegg til ulike aktivitetar som  
agentoppdrag, svampekasting, bygging av  
steintårn, presenterte vi arbeidet som vert  
drive i regi av kyrkjelydane.  
Kyrkjekontoret.



Foto: Jenny Snildal



## GULT LAUV.

Av Oskar Stein Bjørlykke.

Det er masse gult lauv. For det er haust.  
Eg går i lauvet og syng om hausten.

Til slutt er den tørre og fine  
hausten  
Rundt meg på alle kantar.





### Ein-til-ein – tenester.

"Ein-til-ein – tenestene" er tilbod om hjelp til ulike gjeremål som du vanlegvis greier sjølv, men som du på grunn av sjukdom, alder eller funksjonshemmning kan trenge hjelp til.

Arbeidet er gratis, mot at du betalar for nødvendige utgifter (t.d. bensinutgifter).

Vi ringer tilbake om kven som kjem, slik at du ikkje får "uventa" besøk.

*Eksempel på tenester du kan få hjelp til:*

Handle varer. Køyring i diverse ærend.

Følgeteneste. Småreparasjonar.

Turvenn/besøksvenn. Hagestell.

Råd/rettleiring. Skriving av brev/kort.

### Måndagstreff.

Treff for alle som er ledige på dagtid måndagar. Treffet held til i 1.etg. på Kyrkjelydshuset kl 10.30 – 14.00 kvar måndag. Kafè med kaffi/te, vaflar og smørbrød. Treffet vil ha juleavslutning 10.desember.

### Foreldre-/barn-treff.

Annakvar måndag i 2.etg. på Kyrkjelydshuset kl 10.30 – 14.00. Vi har leikematte, litt leikar og bøker. Alle foreldre med born, fortrinnsvis i alderen 0-1 år, er hjarteleg velkomne! Det er høve til å kjøpe kaffi/te, smørbrød og vaflar i kaféen i 1.etg. Treffet blir følgjande dagar i haust: 17.sept, 1.okt, 15.okt, 29.okt, 12.nov, 26.nov og 10.des.

### Sosialt samvere på Nillestova.

Kvar tysdag og torsdag kl.10.00-14.00 på Nillestova. Er for alle pensjonistar og eldre i kommunen. *Kvar gong er det:* "Føremiddags-kaffi", trim, sosialt samvær, høve til å kjøpe middag. *Av og til er det:* Framsyning av film/bilete på storskjerm m/musikk, bingo, hjelp til handarbeid, song og musikk, eller seniordans. 3-4 frivillige medarbeidarar er med kvar gong. Dagsenteret kostar kr.40,- pr. gong,

middag kr.60,-, bingo kr.10,-. Treng du skyss til / frå Dagsenteret, ta kontakt med Frivilligentralen.

### Seniornett Naustdal.

Dataklubb for seniorar 55+.

Nettklubben startar opp hausten med **SeniorSurf-dag fredag 28.september kl 10.30-12.30.**

Klubben held til i 2.høgda på kyrkjelydshuset, og vil halde på kvar fredag føremiddag utover hausten fram mot jul. Vi ynskjer både «gamle» og nye klubbmøllemar velkomne til nye klubbmøter! Følg med på «Det skjer» i Firda eller på heimesida om tema på møta. [www.seniornett.no/seniornett/lokalklubb/ogn\\_og\\_fjordane/naustdal](http://www.seniornett.no/seniornett/lokalklubb/ogn_og_fjordane/naustdal)

**Nybeggynarkurs i data:** Kurset som vi måtte avlyse i vår vil vi prøve å få til i haust. Er du interessert i nybegynnarkurs i data, ta kontakt med Frivilligentralen! Kurset er ei enkel innføring i data for nybegynnarar, og tar føre seg følgjande tema: Tastatur & mus, Tekstbehandling (skriveprogram), Surfing på internett og E-post. Vi har nokre pc-ar til utlån for dei som ikkje har eiga maskin.

### Torsdagskafè på kyrkjelydshuset.

Torsdagskaféen er open kvar torsdag kl 10.30 – 12.30. Serviceskyssen kan nyttast frå Dalen, hugs påmelding til drosja dagen før. Sogelaget sitt tilbod om framsyning av gamle bilde frå Naustdal på storskjerm vil starte opp igjen i slutten av september. Følg med på «Det skjer» i Firda for nærmere informasjon. Laget tek også i mot bilde til kopierung/scanning. Bilda blir leverte tilbake til eigaren etter kopierung.

### Fredagskafè på kyrkjelydshuset.

Fredagskaféen er open kvar fredag kl. 10.30 – 12.30. Dei fleste fredagar er det Anna Sæla som er i kaféen med sal av heimelaga tradisjonsmat som potatkaker, natronkaker, kringle m.m. Serviceskyssen kan nyttast frå Fjorden, hugs påmelding til drosja dagen før.

## **Strøsand til eldre.**

Når vinteren kjem og det blir glatt kan eldre/uføre hente sand ved kommunehuset kvardagar kl 08.00 – 15.15. Spann med sand er plassert i gangen inn til kommunehuset. Dei som treng hjelp til å hente sand og / eller til strøing, kan ta kontakt med Frivilligsentralen. Sanden er gitt av Stein Torald Vonen. Vi ber om at du leverer embalasjen i retur, evt. at du tar med eige spann og tømmer sanden over.

## **Tur til Værlandet og Bulandet.**

9.juni arrangerte frivilligsentralen den årleg dagsturen for frivillige. Turen gjekk denne gongen til Værlandet og Bulandet. Vi vil i den samanheng takke bussjåfør Atle Savland, som kørde på frivillig basis, for ein fin tur.

## **Sanden-Søndag 2012.**

Frivilligsentralen vil takke alle som var med og gjorde ein flott innsats på 10-årsjubileet for Sanden-Søndag 26.august! Vi vil takke alle



[foto. Arne Kleiva 1](#)

medarrangørane som stilte opp med aktivitetar: Naustdal Køyre- og rideklubb med riding for born, tur med hest og kjerre og rideoppvisning, Naustdal Speidargruppe med kanopadling, og Naustdal Pensjonistlag som lagde til bord for eldre. Vi takkar Tambarskjelvar IL for triksekonkurranse ved Fotballgruppa, orientering ved Barneidretten og Hundekøring ved hundekøyrargruppa. Vi takkar også Naustdal Røde Kors Hjelpekorps for sanitetsvakt, Naustdal Sogelag med dokumentasjon av det eldre Naustdal og historisk fjørevandring frå "Ragnvalden" til kaia og Naustdal Bondelag som hadde med dyr til å sjå og klappe på. Stor takk også til Midtredalen

Bygdekvinne-lag, Naustdal- og Horstad Bygdekinnelag og Volleyball-gruppa i Tambarskjelvar IL som stilte med god mat i matbodane sine. Vi takkar kyrkjelydane i Naustdal og Vevring for stand med ulike aktivitetar, og kyrkjekontoret som stod for konserten i

Kyrkja.  
Sunnfjord  
Vereravnogn-  
klubb hadde  
utstilling av  
veteran-syklar  
og -bilar, og  
Norsk



[foto. Arne Kleiva](#)

Folkehjelp Ungdom i Sunnfjord hadde stand. Vi takkar Audun Bareksten som let oss få låne «Gråtass» m/ hengar til stor glede for dei minste, Viking Kajakk som let oss få prøveturar i kajakk og Sunnfjord RC-klubb som synte oss fleire typar radiostyrte bilar, båtar og fly. Takk til Rampen Ungdomsklubb som hadde vassekonkurranse, og til Sindre Rørstadbotn og Ole Martin Larsen som stilte med vasski, tube og båt i beredskap. Vi vil takke Jan Herstad for opningstale, og ordførar Håkon Myrvang som takka initiativtakar for oppstarten av arrangementet i 2003, Erna Presttun, og overrekte blomster. Stor takk også til Angedalen Brunns Sextett, Ole Johannes Øvreveit, Sunnfjord Swing, Tyge og Sverre Sandvik, og Emil Horstad som alle bidrog med flott underhaldning i opninga, samt til Vevring Tae Kwon Do-klubb for oppvisning seinare i programmet. Takk også til dei som hadde salsboder, og dermed bidrog med eit nytt tilbod på arrangementet. Takk til alle som stilte som trafikk-vakter, Jan Eldar Åsnes som hjelpte oss med straum og Johan Erdal og Atle Undal som ordna med lyd. Takk til 9.klasse ved Naustdal

Skule som stilte med dugnadsgjeng til opp- og ned-rigging, Sandens Venner



[foto. Arne Kleiva](#)

som bidrog med ryddedugnad på Sanden før arrangementet samt hadde stand på Sanden-Søndag, og til Vårbod. Ungdomslag og fotballgruppa i TIL som hjelpte oss med telt til arrangementet. Takk også til Ann Lisbeth på kultur-kontoret som også i år lagde design til programfoldaren og plakatar, og takk til bedrifter i Naustdal og Førde, samt Naustdal kommune, som hjelper oss økonomisk slik at Sanden-Søndag kan vere eit gratis-arrangement. Det var svært kjekt at så mange tok turen til Naustdal-Sanden denne dagen, vi trur det er var ny publikumsrekord i år!

## **Sanden-Søndag 2013:**

Det vil også i 2013 bli høve til å ha salsboder med sal av



Foto: Arne Kleiva

**handverksprodukt og tradisjonsbakst på Sanden-Søndag.**

**«Ola-bil»-parade på Sanden-Søndag:**  
Vi oppfordrar alle barnefamiliar til å lage ola-bil i løpet av vinteren! Bli med på Naustdal lengste «Ola-bil»-parade på neste års Sanden-Søndag!!

Vi tar imot fleire idéar til fornying av arrangementet med takk!

**Frivillig medarbeidar i Frivilligsentralen?**  
**Har du høve til å vere frivillig?**  
**Har du ein idé som du ynskjer skal bli røyndom?**

### **Ta kontakt!**

Som frivillig bestemmer du sjølv:  
- kva arbeid du vil gjere  
- når du kan gjere arbeidet

- kor mykje tid du vil bruke

Du inngår ingen langsiktig avtale, synest du det er givande held du fram.

Du har ingen utgifter med å vere frivillig medarbeidar.

Vi har årleg festleg samkome for dei frivillige medarbeidarane våre, og om våren arrangerer vi hyggelig dagstur.

### **Naustdal Frivilligsentral**

2.etg. på kommunehuset.

Kontortid: Måndag - fredag 8.00-15.30.

Tlf: 57 81 61 44.

E-post:

[frivilligsentralen@naustdal.kommune.no](mailto:frivilligsentralen@naustdal.kommune.no)

Adr.: Naustdal Frivilligsentral,

Postboks 43, 6806 Naustdal

Heimeside: [www.naustdal.frivilligsentral.no](http://www.naustdal.frivilligsentral.no)

Torill Hukset, dagleg leiar



**Serviceskyssen i Naustdal**  
**Er som ei vanleg bussroute, for alle aldersgrupper!**

Ruta blir utført med taxi, og kostar **kr 15,- kvar veg.**

**Meld deg på til Naustdal Taxi, tlf. 97 74 70 70, seinast kl. 20:00 dagen før ruta skal gå.**

Dette for at drosjeeigar skal vite kvar han skal køyre, og kunne planlegge kor stor bil som må nyttast.

***DET ER VIKTIG AT RUTENE BLIR BRUKT FOR Å FÅ BEHALDE DEI!***

**Ruter som går fast kvar veke til Naustdal sentrum:**

**Onsdagar:**

**Centrumsområdet – Naustdal sentrum**

Start Helgas kl 10.00- tar med passasjerar i byggjefeltet – Naustdal sentrum ca kl 10.30.

Retur frå Naustdal kl 12.30. Stopp Helgås ca kl 13.30.

**Torsdagar: Dalen – Naustdal Sentrum**

Start Svoa kl 09.30 - Slettemark–Ullaland–

Byrkjeflot–Åse–Naustdal sentrum ca kl 10.30.

Retur frå Naustdal kl 12.30. Stopp Svoa ca kl 14.00.

**Fredagar: Fjorden – Naustdal sentrum**

Start Horne kl 09.30–Vassbotnen–Helle–

Naustdal sentrum ca kl 10.30.

Retur frå Naustdal kl 12.30. Stopp Horne ca kl 14.00.

**NB! Serviceskyssen går kvar veke heile året, men ikkje på “Raude dagar”.**

**RUTER SOM GÅR I TILLEGG TIL**

**DEI FASTE RUTENE:**

**Ruter til møter i pensjonistlaget:**

**Rute 1:** Horne kl.13.30–Naustdal. Retur kl 18.00.

**Rute 2:** Svoa kl.13.15–Naustdal. Retur kl 18.00.

Alle møta i pensjonistlaget er kl. 15.00 – 18.00.

Dato for møter hausten 2012: 21.09, 26.10, 30.11.

**Ruter til Seniortreff på Fjordbutikken:**

**Siste torsdag kvar mnd.: 27.sept, 25.okt, 29.nov.**

Start Horne kl. 13.00 – Vevring – Redalen – Stopp Vevring kl.14.00.

Retur frå Vevring kl. 17.00.

Har du spørsmål om skyssordninga kan du ringe det same nummeret, **97747070**, eventuelt til **Frivilligentralen tlf. 57816144**, eller **service-kontoret på kommunen, tlf. 57816100.....**

**Open Kafè på Kyrkjelydshuset:**

Måndag : 10-30-14.00

Onsdag: 10.30-16.30 Sal av raspeballar frå kl 12.00.

Torsdag: 10.30-12.30

Fredag: 10.30-12.30

Laurdag: 11.00-15.00

**Kafé-vertar:**

Naustdal Kyrkjelydshus

”Onsdagskafeén”

Frivillige organisasjoner i Naustdal

Frivilligcentralen



**Naustdal Sogelag**

Sogeskrift 2012



**Sara**

Gamal tid må ikkje gå i gløyme boka. Lat sogeskriftet få soga di slik at ho blir bevart for ettertida. Eit biletet frys tida slik ho var den gongen. Finn fram dette biletet og skriv historia. Du kan og skrive i kladd eller stikkord- form slik at vi kan reinskribe ho. Kan leverast på kyrkjelydshuset eller sendast til Odd Byrkjeflot, 6817 Naustdal. Epost: post@naustdalsogelag.no. Frå 1. okt finn du oss kvar torsdag på kyrkjelydhuset.

Vi treng meir soge-stoff frå fjorden. Vil nokon være grendekontakt her, ville det vore fint.

Medlemar (som har betalt i fjar) får tilsendt sogeskriftet gratis kring 1 desember. Vil du verte medlem kan du melde deg på heimesida vår som er: [www.naustdalsogelag.no](http://www.naustdalsogelag.no) eller ring 900 600 16.

Sogelaget og biblioteket har mange ukjende gamle biletet. Vi er i ferd med å organisere ein måte å tid/stad-feste dei.

Odd Byrkjeflot

# SPELAR DU EIT INSTRUMENT OG VIL STARTE EIT BAND?

Hausten 2012 opnar musikkbingen ved Naustdal barne- og ungdomsskule!

Riffen er eit mobilt øvingslokale for band og musikarar. Rommet er tilpassa akustisk til føremålet og inneheld trommesett, songanlegg, gitar, bass, forsterkar og keyboard. Der er også miksebord.

Prioritert aldersgruppe er band med medlemmer frå 13 – 19 år.

Medlemsskap kostar 250 kroner per halvår for ungdom og 500 kroner for vaksne.

Merk: kontigenten skal hansamast politisk i september og kan bli endra.

Du må ikkje spele i band allereie for å søkje!

Kulturkontoret vil bidra til å setje saman band om enkeltutøvarar søker aleine.

**Søknadsskjema og meir informasjon på [www.naustdal.kommune.no](http://www.naustdal.kommune.no)**

Eller kontakt kulturleiar Ann Lisbeth Lesto: ann.lesto@naustdal.kommune.no



## **TELEFONLISTE FOR NAUSTDAL!**



Kommunehuset:	57 81 61 00
(Plan og næring, Kultur, service, tekniskdrif, rådmann)	
Legesenteret:	57 81 60 20
Legesenterer v/akutt behov:	57 81 85 00
Legesenteret etter 15.30:	57 83 01 13
Demensteamet vakttelefon:	95 05 71 13
<i>Mandag/Onsdag/Torsdag kl.10.00-14.00</i>	
Helsesøster:	57 81 60 37
Jordmor:	57 81 60 36
Tannlege:	57 81 91 93
Heimesjukepleien:	57 81 62 13
Fysioterapi:	57 81 88 22
Psykisk helse:	57 81 61 09
Naustdal alders og Sjukeheim:	57 81 62 00
Politi:	57 72 37 00
Brann:	57 72 20 78
Kyrkjekontoret:	57 81 82 40
Biblioteket:	57 81 63 11
Vakttelefon Uteseksjon (Ansgar Hove)	91 82 81 86
Frivilligcentralen:	57 81 61 44 / 99 55 38 45

### **SKULER.**

Naustdal barne og Ungdomsskule:	57 81 63 00
Dalen skule	
Midtredalen:	57 81 86 51
Vevring:	57 81 88 26

### **BARNEHAGAR.**

Naustdal Idrettsbarnehage as	41 65 18 00
Lunden:	
Vevring:	57 81 89 19

